



**DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Adressater iflg. liste

Dykkar ref

Vår ref  
03/529- LBA

Dato  
30.11.2006

**Forslag til endring i forskrift om gebyr til Post- og teletilsynet**

Departementet foreslår med dette å endre forskrift av 21. februar 2005 nr 168 om gebyr (gebyrforskrifta) til Post- og teletilsynet (PT). Forslaget vert sendt på høyring, jf. lov 10. februar 1967 om behandlingssmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) § 37 andre ledd. Forslag er vedlagt.

**1. Grunnen til forslaga om endring**

PT er sjølvfinansiert. Forskrifta gjeld fastsetjing av gebyr til PT. Gebyr er betaling for tenester som PT yter til ulike aktørar i ekommarknaden. Gebyrforskrifta set ramma for dei gebyra som PT kan krevje inn. Det er difor viktig både for PT og for dei som gebyra gjeld, at gebyrforskrifta gjer greie for kven som kan påleggjast gebyr, og størrelsen på gebyra.

Høyringa gjeld enkelte mindre endringar i gebyrforskrifta. Mellom anna foreslår Samferdselsdepartementet å endre forskrifta fordi PT er tillagt nye oppgåver knytt til frivillige sertifiseringsordningar, godkjenningssordningar og sjølvdeklareringsordningar etter at gebyrforskrifta blei vedtatt. Gebyrforskrifta bør endrast slik at ho gir PT heimel til å ta inn gebyr for dei nye oppgåvene. Vidare har bruken av gebyrforskrifta synleggjort eit behov for å ta inn enkelte presiseringar i forskrifta for å unngå mistydingar.

## 2. Nærmare om endringane

### Til forslaga om endring i § 1 andre ledd og § 5 fyrste ledd

Frå 1. januar 2006 vart det etablert ei frivillig sjølvdeklarasjonsordning for sertifikatutstedarar, der sertifikatutstedarane gir melding til Post- og teletilsynet om ein oppfyller dei krav som følgjer av "Kravspesifikasjon for PKI i offentlig sektor". Ordninga vart etablert med heimel i Forskrift om frivillige sjølvdeklarasjonsordningar av 21. november 2005 nr. 1296. Denne forskrifta er gitt med heimel i lov av 15. juni 2001 nr. 81 om elektronisk signatur (esignaturloven) § 16a, som også gjev heimel til å gi forskrift om at det skal betalast gebyr til tilsynsorganet.

Post- og teletilsynet er i medhald av forskrifta, tilsynsorgan for denne ordninga og publiserer ei oversikt over ulike sertifikattypar som til einkvar tid er sjølvdeklart. Sjølvdeklarasjonsforskrifta gir i § 14 heimel for Post- og teletilsynet til å krevje eit årleg gebyr av sertifikatutstedarane i medhald av gebyrforskrifta § 5. Den her føreslåtte endringa i gebyrforskrifta §§ 1 og 5 skal blant anna sørge for at gebyrheimelen går fram av gebyrforskrifta, og innlemmar han i det alminnelege finansieringssystemet til PT, jf utrekningsordninga som følgjer av gebyrforskrifta.

Endringa i § 1 i gebyrforskrifta inneber at også denne nye gebyrforma fell innunder fordelingsnøkkelen etter andre ledd nummer 1) og vert teken med når fordelinga innanfor denne nøkkelen skal gjerast.

Den føreslåtte endringa i § 5 fyrste ledd vil medføre at gebyr gitt i medhald av forskrifter med heimel i esignaturloven § 16a vert behandla likt med gebyr som vert gitt i medhald av esignaturloven § 18, som gjeld for registrerte utstedarar av kvalifiserte sertifikat. Formuleringa i endringa er slik at det ikkje vert nødvendig med ei ny endring i gebyrforskrifta dersom det seinare vert etablert nye ordningar i medhald av esignaturloven § 16a som involverar Post- og teletilsynet og som skal finansierast ved å gje heimel for tilsynet til å krevje gebyr.

### Til forslag om endring i § 5 andre ledd

PT er tilsynsmyndigheit etter forskrift av 1. august 2003 nr 990 om domenenamn under norske landkodedetoppdomene (domeneforskrifta) § 9. Lov om elektronisk kommunikasjon § 12-1 om gebyr gjev heimel til å fastsetje gebyr til dekning av kostnader i høve til mellom anna tilsyn som PT gjer. Andre ledd presiserer at gebyr kan påleggjast den som får tilgang til nummer, namn- og adresseressursar.

I og med at gebyrforskrifta set ramma for alle gebyr som PT krev inn, foreslår departementet no å presisere korleis fastsetjing av gebyr etter domeneforskrifta skal skje, jf forslag til endring i gebyrforskrifta § 5 andre ledd. På denne måten vert innkrevjing av gebyr etter domeneforskrifta gjort tydeleg i forskrifta etter same mal som for andre liknande gebyr PT krev inn. Dette vert også grunna i omsynet til utrekninga for både PT og andre aktørar innan domenebransjen, slik som registereiningar og registrarar.

Det vert presisert at ekomloven § 7-1 gir ramma for "namn, nummer og adresser", og at alle typar domenenamn vil vere namn i høve lova.

#### Til forslag om endring i § 6 andre ledd

Den foreslåtte endringa i § 6 er grunngeven med at Samferdselsdepartementet i klagesaker har opplevd mistydingar av ordlyden i paragrafen, og har difor funne det formålstenlig med ei klargjering. Det har mellom anna vore tvil om kva som er relevant omsetning jf. ulike tolkingar av andre ledd, tredje punktum, andre komma.

Departementet foreslår med dette å synleggjere ytterlegare kva som kan reknast som relevant omsetning ved å presisere ordlyden.

#### Til forslag om endring i § 8

Etter at gebyrforskrifta vart vedteken i februar 2005, har ressursbruken i PT endra seg noko. Det vert difor foreslått ei justering av prosentsetsane i § 8 for å få ei meir korrekt fordeling av gebyra. Dei prosentvise endringane vil truleg ikkje medføre gebyraukar av nokon særleg storleik for enkeltaktørar, sidan den foreslåtte justeringa skal fordelast mellom mange aktørar.

#### **Økonomiske og administrative konsekvensar av endringane**

Forslaget til endringar påverkar ikkje det samla beløpet som skal krevjast inn av PT. Rammene vert fastsette årleg i statsbudsjettet. Dersom endringar vert fastsette vil det føre til nokre endringar i fordelinga av gebyra mellom dei gebyrpliktige.

#### **Høyringsfrist**


Samferdselsdepartementet ber om kommentarar innan **12. januar 2007**, då det er viktig at forskrifta vert vedteken tidleg i 2007, slik at reglane kan gjerast gjeldande frå og med budsjettåret 2007.

#### **Høyringsssvar skal sendast til**

Samferdselsdepartementet, postboks 8010 Dep, 0030 Oslo eller på e-post til [postmottak@sd.dep.no](mailto:postmottak@sd.dep.no)

Spørsmål kan rettast til Line Bakken tlf: 22 24 83 63.

Med helsing

  
Jørn Ringlund e.f.

  
Line Bakken

Vedlegg